



Morten Nilsen – kjem han att som vertshusvert neste år?

- Tusen takk, Uskedalen!

Det seier Morten Nilsen (nyleg fylt 26), som i dag takkar for seg og forlet bygda etter å ha vore sommarvert i Vertshuset.

Han har ikkje angra ein dag på denne satsinga.

- Eg er full av takksemnd overfor dei mange lokale støttespelarar som har medverka så sterkt til å gjera denne sommaren til ein suksess, seier Morten. Han er svært godt fornøgd med debuten sin som vertshushaldar.

- Dette har vore utruleg gøy, er Morten sin konklusjon.

Han legg til at det MÅ bli drift ved Vertshuset også neste sommar.

- Men om det blir meg som står for drifta veit eg ikkje noko om i dag. Det

avheng ikkje minst av kven som eventuelt kjøpar huset og også sjølvstast av min eigen situasjon.

Den veit eg meir om ved årsskiftet, seier Morten som har bokstaveleg tala luftige planar for tida innunder jul. Då skal han til Chile og klatra opp på det høgste fjellet i Sør-Amerika, som er Aconcagua på 6962 meter.

Morten er svært reiseglاد og ein ivrig backpackar. Han har også erfaring frå Himalaya. Han plar reisa åleine, men har mange gamle vener og treff alltid nye.

-Vi fekk ein bra start med vind i segla, ikkje minst på grunn av positive tilbakemeldingar, seier Morten.

-Det kom ikkje mykje kritikk men eg oppmoda gjestane om å sei ifrå hvis dei hadde noko å kritisera. Det er viktig for ein serveringsstad å få fram og ta omsyn til konstruktiv kritikk.

-Quiz og skalldyraften vart ein suksess..

-Quizen er noko som må innarbeidast over tid, men eg er fornøgd med starten. Men opplegget kan utan tvil forbeistrast og kanskje bli litt meir showprega.

Skalldyraften vart ein kjempesuksess, ikkje minst fordi vi henta så mykje gode varar frå Karmøy.

-Du har hatt ein bra stab...

-Vi har nytta folk etter behov og hatt 6 i arbeid på det meste. Det har ikkje vore noko problem å skaffa folk. Men for eigen del må eg erkjenne at den fyrste månaden var knalltøff. Eg måtte ha alle funksjonar sjølv – frå matlaging til barteneste - og kunne ikkje noko av det på førehand. Men eg likar å jobba hardt og måtte jo læra mest mogeleg for å kunne læra opp andre.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Morten klar for avreise i dag